



# DEN NORSKE KYRKJA

## Lindås kyrkjelege fellesråd

Knarvik, 3. september 2014

Lindås kommune  
v/ rådmann  
Rådhuset

### **Lindås kyrkjelege fellesråd - Innspel i budsjettetthandsaminga**

Ein viser til brev frå kyrkjeverja til Lindås kommune av 3. juli samt hyggjeleg møte med rådmannen i byrjinga av juli, og kjem her attende med ei oppsummering etter at Lkf sitt AU hadde møte i år. **NB! Dette er eit førebels innspel; formelt vedtak frå Lindås kyrkjelege fellesråd ligg ikkje føre før slutten av veke 38.**

#### **Drift 2015**

Lkf har sitt første ordinære møte etter ferien den 16. september. Her kjem innspel til kommunen om budsjett 2015 til å stå på sakskartet. Så langt tar kyrkjeverje og AU til orientering melding om at rammene for kommunen sitt budsjettarbeidet vil bli foreslått redusert med 5%, men ein vil likevel gjerne få peike på følgjande:

Lkf har pr i dag for få kontorarbeidsplasser til dei medarbeidarane som skal ha slik arbeidsplass. For nærmere kommentarar viser ein til brev av 3. juli. Ei vel så stor utfordring er at dei kontora ein i dag har er spreidd på fire ulike adresser med relativt få medarbeidarar på kvar plass. Dagens kontorstruktur er i tillegg dårleg tilpassa dei strukturane organisasjonen har med eit tal på t.d. trusopplæringsmedarbeidarar (undervisning/ ungdomsdiakoni) som ingen av dagens kontormiljø har plass til om ein også skal ha plass til prest, organist og sekretær. Dette gjer gode samarbeidsstrukturer vanskeleg.

Lkf vil derfor søkje etter nye kontorlokale for 15 – 19 medarbeidarar som i neste runde kan føre til at nokre av dagens leigekontraktar kan seiast opp, men å sjå for seg at dette kan gjerast utan budsjettmessige konsekvensar er vanskeleg i alle fall på kort sikt. Ein ber derfor om å bli handsama på mildast mogeleg vis i kommunen sitt budsjett, slik at ein får høve til å gjennomføre tiltrengte organisasjonsendringar i 2015.

#### **Investering 2015**

Lindås kyrkjeleg fellesråd har mange vakre kyrkjer som står sentralt i bygdene i kommunen. Felles for mange av dei er at dei over år ikkje har fått verken nok eller riktig vedlikehald. Om ein ser bort frå Ostereidet kyrkje som er ca 25 år gamal, er alle desse kyrkjene frå før 2. verdskrigen.

Kyrkjeverja har no starta eit systematisk arbeide med ytre vedlikehald på desse kyrkjene. Felles for fleire av dei er ein lite medveten bruk av målingskvalitetar over år, som igjen fører

---

Side 1

med seg at desse bygga er vanskeleg å halde ved like i dag. Problemstillinga rundt dette er at for nokre av utfordringane våre som t.d. reparasjon av glasmaleri (Alversund) og skifertak (Hundvin), er dei årlege rammene frå kommunen til investering / utskifting verken store nok eller fleksible nok. Den sida av skifertaket på Hundvin som vender mot gravplassen er så ujamn at det syner tydeleg svikt i taket under. Skal dette skiftast, er kostnaden mellom 1 og 1.2 mill.

Ein viser til brevet av 3. juli samt tilsvarende søknadar sendt i 2013 og 2014 og ber om at Lindås kommune aukar den årlege ramma til desse føremål frå 400.000 (eks. mva) til 1 mill pr år. Lkf har også driftsansvar for gravplassane i kommunen; investeringar på dette området ligg også innanfor denne ramma. Dei siste åra har Lkf hatt omfattande arbeider på fleire av gravplassane som har resultert i 160 nye graver på tre ulike gravplasser i tillegg til dei 160 som vi får i haust når utvidinga på Hjelmås er ferdig, men denne satsinga har lagt beslag på vesentlege deler av dette tilskotet.

### **Spesielt om Knarvik kyrkje**

Knarvik kyrkje blir overteken av Lkf no i september 2014. Her vil Lkf minne om at kommunen har lagt inn ei auke i driftstilskotet til Lkf på NOK 500.000 i økonomiplanen til dekning av auka driftskostnader for fellesrådet i samband med den nye kyrkja.

På investeringssida viser Lkf til oppsett i søknad om tilleggsloyming til kyrkja av 27. mai 2014. Her går det fram at underetasjen ville kunne innreiast til bruk for NOK 6.1 mill dersom dette vart gjennomført før dei entreprenørane som er på bygget i dag fekk fullføre utan avbrot. No vert ikkje dette slik, og eventuell tilleggskostnad ved å skulle gjere dette som ny entreprise med eventuelle nye entreprenørar er ikkje klår. Lkf legg til grunn at eit beløp for innreiing av underetasjen i kyrkja ikkje treng å bli vesentleg høgare enn dette tilbodet frå 7FJELL as. Økonomien i dette kan la seg påverke av val av løysing innan så vel omfang som materialval, og her har Lkf etter kvart fått god trening.

Situasjonen rundt Knarvik kyrkje er den at kyrkja blir overlevert til Lkf i løpet av september. Før dette er skjedd vil plan for eventuell fullføring av underetasjen måtte byggje på dei entreprisane som gjeld i dag.

I samband med budsjett for 2015 kjem Lkf på bakgrunn av det som står over til å søkje Lindås kommune om NOK 6.1 mill for å ferdiggjere underetasjen, med eit lite etterhalt om at dette tilbodet byggjer på andre føresetnader enn dei som vil gjelde ved inngangen til 2015.

For Lindås kyrkjelege fellesråd

Med venleg helsing



Torgeir Paulsen  
kyrkjeverje